
ÅRSMELDING

EIDESJØEN GRENDALAG 2023

SAK 3.

STYRET: Leiar: Frode Nesse
Nestleiar: Atle Sognefest
Sekretær: Sølvi Eltvik
Kasserer: Anne Lise Eidesund
Styremedlem: Ingrid Bjørøy

DATO: 05.03.2023

MEDLEMMER i 2023:
49 medlemmer/ husstandar

VARA: Vibeke Skulstad Kristiansen
Tom Rune Borch
Lisa Henriette Valland

STYREMØTER i 2023: 7 stk.

REVISOR: Irene Vorland, Sigrun Søyland

VALNEMND: Kristi Eide, Lena Toft Espeseth, Vibeke Skulstad Kristiansen

SAKER / VERKSEMDSPLAN FOR 2023

I prioritert rekkefølge:

1. Overtaking av ballbingen/Skuleplassen, få skøyte på eigedomen
2. Grendahuset Framheim
3. Sosiale arrangement
4. Vidareutvikle området Lavvo, Stølen i Eide og ved Vorlandsvatnet
5. Arbeide for å få fleire medlemmar.

I uprioritert rekkefølge:

- * Badevika i Sjøvika
- * Eventuelle andre saker som kjem opp

1. Overtaking av ballbingen, få skøyte på egedomen

Desember 2021 fullførte kommunen sanering av Pollen skule. Ballbingen og tomta ovanfor er Grendalaget sitt, men er ikkje overført til oss
Grendalaget har fått tilbud om å overta heile tomta etter skulen, og kommunen har budsjettert med 1,1 mill til området i 2025.

Styret følger opp i møter med kommunen, og avgjer om dette er interessant. Eige? Leige?

2. Grendahuset Framheim.

Det har vært grei aktivitet i huset i 2023

Huset var utleidd 21 gongar til store og små arrangement.

I januar hadde vi dans på huset, med Bruuds og Splint. Oppmøte kunne ha vore betre, men absolutt ein triveleg kveld.

Det vart halden Loppemarknad, dette var godt besøkt arrangement og vi fekk inn netto Kr. 20000,-

I samarbeid med folkeakademiet hadde vi ein flott Familiedag 22 april

Diskotek for 4-7 klasse: 1. juni, og juledisko 30 november. Svært godt oppmøte på begge desse diskoteka.

Haustens basar blei gjennomført med godt oppmøte. Vi fekk inn netto kr. 56000,- på basar og loddbøker.

Det var Grenda Pub m/Quiz på huset, både i mai og september

I juni starta arbeidet med den nye plattingen ved inngangspartiet

I november starta arbeidet med å retekke taket på gamlebygget av Blikkenslager Vidar Haugjord.

Det var nokre få vedlikehalds og vaskedugnader i huset.

Vi fekk inn følgande tilskotsmidlar for 2023:

- Sparebanken Vest: Sparebankstiftelsen tilsamman Kr 250.000,- til retekking av taket, Bevilgning til drift av FFU KR 10.000,-
- Fra Øygarden kommune, tildeling av ungdomsmidler Kr 18.000,- og 50.000,- til retekking av tak.
- Lotteri- og Stiftelsestilsynet, revurdering av moms, Kr 36.429,-
- Øygarden kommune, tilskudd til å utbedre inngangsparti Kr 16.000,-
- Lotteri- og Stiftelsestilsynet Kr 2067,-, strømstøtte juli-sept

I tillegg til midler søkt av og tildelt Grendahuset, har Grendalaget mottatt 17606,71 i Grasrotmidler

3. Sosiale arrangement

23/6 St. Hans feiring vart gjennomført på lavvoen. 19 barn og 20 vaksne deltok nokon trivelege timar

Elles er både basaren og loppemarknad eit samarbeid mellom Grendalaget og Grendahuset

4 . Vidareutvikle området ved Lavvoen, Eidesjøen og ved Vorlandsvatnet

Det vart utført dugnad ved lavvoen i fleire omgangar, pensjonistane våre jobba vidare.

5. Arbeide for å få fleire medlemmar

Vi har trykt opp brosjyrer og levert ut i postkassane i dei nye felta. Sjå elles medlemstal, går dessverre mykje ned i 2023

Medlemstalet sin utvikling seinaste åra: frå 57 i 2020, 63 i 2021 og 64 i 2022, og no 49 medlemmar / husstandar i 2023. Ein svært dårleg utvikling.

Frå uprioritert liste i Verksemdplana

- Badevika i Sjøvika

Ikkje aktivitet her i 2023. Stien ned bør merkast betre, og vi treng ei trapp det nederste stykket

STYRET SITT ARBEID

I heile perioden har styret arbeida godt og styremedlemmane har på kvart sitt område gjort sitt til at Grendalaget har hatt eit godt arbeidsår med god innsats. Ei ekstra takk for dei som har deltatt i arbeidet i Grendahuset og arrangementa der som krev mykje tid og arbeid.

Eidesjøen, 5 mars 2024